



Statsforvaltaren i Vestland
Njøsavegen 2

6863 LEIKANGER

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Synnøve Handeland	404 04 973	2025/7055-21		29.09.2025

Oversending av klage på delingsløyve - 91/2 – Seimsfoss - retting

Det vert vist til brev sendt frå oss 26.09.2025 med saksprotokoll frå Kvinnherad forvaltningsutval 27.08.2025.

Advokat Edle Døssland har gjort oss merksam på ein feil i protokollen der det står i innstillinga og det endelege vedtaket slik:

«I saksprotokollen for behandling av klage på delingsvedtaket av 16.06.2025 er det teke inn ein feil ved gjengivinga av vedtaket. Dette gjeld følgjande avsnitt:

«Det kom nabomerknad frå eigar av 91/29 vedrørande planteikningar for planlagt bebyggelse, men eigar har ikkje merknader til sjølve frådelinga. Nabomerknaden vert teke til følge ved eventuell byggjesøknad.»

Dette vart samme dag retta til:

«Det kom nabomerknad frå eigar av 91/29 vedrørande planteikningar for planlagt bebyggelse, men eigar har ikkje merknader til sjølve frådelinga»

Eg legg for ordens skuld ved brevet der me vart underretta om rettinga, og ber om setninga «Nabomerknaden vert teke til følge ved eventuell byggjesøknad» vert teke bort før oversending til Statsforvaltaren slik at det endelege delingsvedtaket vert riktig.»

Det er openbert rett at setninga må bli teke bort, då vi ikkje har motteke søknad i byggesaka og såleis ikkje kan vurdere merknaden.

Då saksprotokollen er låst etter utsending så kan vi ikkje redigere i den, men eg sender for ordens skuld vedtaket med overstryking av den gjeldande setninga, slik at rett ordlyd følgjer klagehandsaminga.

Med helsing
KVINNHERAD KOMMUNE

Synnøve Handeland
Avdelingsleiar

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.

Kopi til:
DØSSLAND ADVOKATFIRMA AS

Postboks 14